



GAULAR KOMMUNE

Arkiv: FA - P24
Saksmappe: 17/1262
JournalpostID: 18/4762
Sakshandsamar: Magnar
Hellebust
Dato: 29.05.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
073/18	Formannskapet	14.06.2018

Høringsuttale til ny Hamne og farvannslov

Rådmannen si tilråding:

Gaular kommune ser det ikkje som ei forenkling at staten ved Kystverket skal ta over mynde og ansvar for farvatn, og ber om dette held fram etter gjeldane lovverk.

Sakshandsaming etter hamne- og farvasslova: Etter nytt lovforslag er det Kystverket som skal ha dette ansvaret, men kommunane skal bli høyrte. Etter plan- og bygningslova er det i dag tre veker frist for kommunane å handsame innkomne søknadar. Ved at søknadane i tillegg skal via Kystverket og evt tilbake til den lokale hamnemynde for høyring, vert det ei utfordring å halde fristen på tre veker. I tillegg vert det ikkje ei forenkling, men ein meir byråkratisk prosess då saker som skal handsamast etter hamne- og farvasslova må gå att og fram mellom den enkelte kommune og Kystverket. Det er den enkelte kommune som kjenner sitt farvatn best og har oversikt over kva ein må ta omsyn til.

Anløpsavgift: Den anløpsavgifta kvar kommune tar inn er øymerka sikring av farvatnet i nærområdet, og kommunane kan prioritere sikringstiltak deretter. Ved at Kystverket tar over dette ansvaret og nyttar ordinært budsjett utan å ta inn anløpsavgift vert desse prioriteringane sentralisert, og det er Kystverket sine prioriteringar av merking og utdjuping som gjeld. Ein må konkurrere både med andre oppgåver og andre områder. Lokalt sjølvstyre vert svekka, ein vert ein i mengda som må konkurrere om midlane med større trafikkerte områder. Ved å flytte desse oppgåvene frå kommune til stat går ein på tvers av signala regjering og Stortinget har sendt med kommune- og regionreforma: at oppgåver skal flyttast frå staten og ut i regionane.

Kommunane har framleis ansvar for hamneområdet. Dei har høve til å dekke inn utgifter knytta til sikring av hamneområdet via vederlag. Kommuner med få eller ingen offentleg kaiar, og som ikkje har eigen hamneorganisasjon vil ikkje kunne hente inn slike midlar. Det vert difor ikkje høve for desse kommunane å hente inn same midlar. Dette gjer det vanskelegare for dei kommunane å dekke inn og utføre same oppgåvene.

14.06.2018 Formannskapet

Handsaming:

Anita Eide Kvamme fekk fritak frå møtet og deltok difor ikkje under handsaminga av saka og dei resterande sakene på saklista.

Rådmann; Atle Fasteland forlet også møtet, grunna anna avtale.

Samrøystes vedteke.

FS-073/18 Vedtak:

Gaular kommune ser det ikkje som ei forenkling at staten ved Kystverket skal ta over mynde og ansvar for farvatn, og ber om dette held fram etter gjeldane lovverk.

Sakshandsaming etter hamne- og farvasslova: Etter nytt lovforslag er det Kystverket som skal ha dette ansvaret, men kommunane skal bli høyrte. Etter plan- og bygningslova er det i dag tre veker frist for kommunane å handsame innkomne søknadar. Ved at søknadane i tillegg skal via Kystverket og evt tilbake til den lokale hamnemynde for høyring, vert det ei utfordring å halde fristen på tre veker. I tillegg vert det ikkje ei forenkling, men ein meir byråkratisk prosess då saker som skal handsamast etter hamne- og farvasslova må gå att og fram mellom den enkelte kommune og Kystverket. Det er den enkelte kommune som kjenner sitt farvatn best og har oversikt over kva ein må ta omsyn til.

Anløpsavgift: Den anløpsavgifta kvar kommune tar inn er øymerka sikring av farvatnet i nærområdet, og kommunane kan prioritere sikringstiltak deretter. Ved at Kystverket tar over dette ansvaret og nyttar ordinært budsjett utan å ta inn anløpsavgift vert desse prioriteringane sentralisert, og det er Kystverket sine prioriteringar av merking og utdyping som gjeld. Ein må konkurrere både med andre oppgåver og andre områder. Lokalt sjølvstyre vert svekka, ein vert ein i mengda som må konkurrere om midlane med større trafikkerte områder. Ved å flytte desse oppgåvene frå kommune til stat går ein på tvers av signala regjering og Stortinget har sendt med kommune- og regionreforma: at oppgåver skal flyttast frå staten og ut i regionane.

Kommunane har framleis ansvar for hamneområdet. Dei har høve til å dekke inn utgifter knytta til sikring av hamneområdet via vederlag. Kommuner med få eller ingen offentleg kaiar, og som ikkje har eigen hamneorganisasjon vil ikkje kunne hente inn slike midlar. Det vert difor ikkje høve for desse kommunane å hente inn same midlar. Dette gjer det vanskelegare for dei kommunane å dekke inn og utføre same oppgåvene.

Andre dokument i saka:

Tilbod til medlemskommunane om høyringsuttale til NOU 2018:4

Saksutgreiing:

Departementet for tryggleik og serviseorganisasjon har utforma ein ny NOU 2018:4 med tittel «Sjøveien videre». Forslag til ny hame- og farvatn lov.

I dag har kommunane ansvaret for sjøområdet som ligg innafor 1 nautisk mil frå land, bortsett frå hovudleier og bileier som er statleg ansvar. Utanfor 1 nautisk mil er det statleg ansvar.

I denne høyringsuttalen går det fram at staten vil ta over alt sjøområde. Rådet i Alden hamneområdet ser dette som meir byråkratisk og sentraliserande. Lokalkunnskapen vert sett til side.

Anløpsavgifta som kan sikre mindre lokale sikringstiltak fell vekk. Særleg vil dette ramme mindre kommunar. I dag har fleire kommunar eit samarbeid på dette området.

Alden hameområde er eit slikt samarbeid mellom kommunane Flora, Naustdal, Førde, Askvoll, Fjaler, Gaular og Hyllestad. Kvar kommune er representert med ein representant i rådet. Administrasjon av rådet er Flora hamn.

Alle kommunane i rådet er oppmoda om å handsame denne uttalen med likt vedtak som er utarbeidd i tråd med vedtak i rådet den 24.04.2018 i sak 5/18 «Orientering om NOU 2018:4 Sjøveien videre. Forslag til ny hame- og farvatn lov.»

Vedtak:

Hamnerådet i Alden hamneområde tar orientering om NOU til vitande.

Hamnerådet bestiller eit forslag til høyringsuttalelse som vert sendt til kvar kommune i Alden, med hamnerådsmedlemmane på kopi. Denne skal gjelde anløpsavgift og vere eit samandrag av innspel som kom frå medlemmane i hamnerådet.

Det er vidare eit paradoks i høve kommunereforma der det er sagt at kommunane skal få fleire oppgåver. I dette tilfellet skal kommunane misse oppgåver.

Atle Fasteland
rådmann